

Sande

Av Knut Raastad, 2007



Oluf Rygh skriv i Norske Gaardnavne at namnet Sande kjem av sand og at den sandstrekning eller sandige jord som har gjeve denne garden namn, også har gjeve namn til Sandnes og bekken Senda. Bygdebokforfattar Ivar Teigum skriv at gardsvaldet Sande skriv seg frå eldre jernalder (før 600 e.Kr.), medan Sandnes kan vera utskild frå Sande i yngre jernalder på 800-900 talet. Det er såleis truleg at det er sandstrekninga utanfor sygard Sandnes som har gjeve namn til gardvaldet Sande sjølv om det ikkje er slik sand der Sande er i dag.

Sande har vore skrivi forskjellig gjennom tidene, i 1436 er det skrivi i *Sandom*. Seinare er det brukt Sanndenn i 1576, Sandem i 1578 og 1594, Sannde i 1604, Sanndenn i 1606 og Sande i 1668 og 1723.

Sande er fyrst nemnd i skriftleg dokument i 1436. I skinnbrevet går det fram at Hamars biskop tildømmer Ullensyns kirke del av jordegods i bl.a. *ein garden i Sandom*, som Hustru Gerthrud Paalsdatter i Sundbu hadde testamentert til denne kyrkja. Etter dette kan det da ha vore to bruk der det eine kom under kyrkja.

I 1576 er oppført i jordeboka for Oslo og Hamar bispedømme at Sanndenn som er lagd til to huder blir brukt under Vågå prestebol og inga landskyld svarar. Jordebok 1577 og seinare samt bygningsskatten 1604 nemner Sande som halvgard. I 1599 makeskiftar sokneprest i Vågå Christoffer Ericksøn på vegne av prestbolet til seg 1 hud frå Steffen Arneson og 1 hud frå Oluff Haldorsson.

Det er uklar samanheng mellom at prestbolet hadde 2 huder i 1576, makeskifta til seg 2 huder til og likevel var halvgard. Også i 1647 var Sande halvgard med 2 ½ huder, men i 1661 var dette auka til 4 huder. Har det vore to gardar?

I 1613 er nemnd ein Jenns Sanden.

Koppskatten 1645 nemner Colbiørn Sande som brukar på Sande. Skattematrikkelen 1647 nemner Sande som halvgard og Colbjørn Sande som brukar av 2 ½ hud som tilhøyre prestbolet. Også manntalet 1666 nemner Kolbiørn Olsøn 61 år gammal som oppsitjar. Jordebok 1661 fører under Vågå prestebol opp Sande med 4 huder. Det går fram av matrikkelen 1668 at 4 huder i Sande var Vågå Prestebols gods. Skifteprotokollen viser at Kolbiørn Olsen Sande var gift med Bergete Jonsdatter som døydde i 1685. Skiftet tyder på at Kolbiørn levde i 1685, da var han 80 år. Kolbjørn og Bergete hadde 2 barn:

Oluf, 24 år i 1666, neste brukar

Jon, 21 år i 1666

Av denne matrikkelen 1666 går det fram at Kolbiørn Sande hadde seter på Nestingen og i Bestung. Nistingen var vårseter medan Besstrond var sommarseter. På ting på Vågå

24.05.1679 let Kolbiørn Sande lesa ei synfaring på Synsteli seter datert 25.06.1677. Det er truleg frå denne tida at vårsetra vart flytta frå Nistingen til Synstlia.

Skifteprotokollen viser at Oluf Colbiørnsen er død i 1706, han må da vera 64 år. Enkja heitte Rønnog Olufsdotter og dei hadde tre umyndige barn:

Knud f.ca.1696 d.1725

Ragnhild f.ca.1699

Bertte f.ca.1702.

Skoskatten i 1711 nemner både Rønnog Sande og Hans Knudssøn Sande, og skifteprotokollen i 1719 viser at Rønnog som da var død var gift andre gongen med denne Hans Knudsen. Hans Knudsen dreiv Sande fram til 1739, elles er Hans Sande nemnd som vitne på eit skjøte på Viste i 1741. Rønnog og Hans hadde saman ei dotter:

Marit f.ca.1715, neste brukar

I 1739 bygslar presten Herman Treschov Sande til Ole Knudsen Storvig den yngre. Far til kjerringa hans har før bygsla garden, men gjev han nå opp godviljug. I føderåd skal han ha "en tønne Sæde Ager" som skal "forsvarlig skaffes baade i og af Jorden", han skal ha fôr til 4 sauer. Bygselen er på livstid. Ole Knudsen lovar å oppføre seg som ein god leiglending skal. Ole Knudsen d.1757 var gift med Marit Hansdatter, dette er da truleg ho som var fødd ca.1715. Marit og Ole hadde 8 barn:

Hans f.ca.1738, vanvittig i 1801

Rønnov f.1739

Knud 1740-1812, neste brukar

Christe 1743-1745

Joen f.1745

Rønnoug f.1747,

Christen f.1751

Peder (eller Iver) f. 1754.

Panteboka viser at i 1761 er Ola Knudsen død etter lengre tids vanhelse, og kjerringa orkar ikkje lenger å drive garden. Hans Knudsen nordre Storvig (bror til Ola, dei var frå sygard Storvik) er formyndar for den nest eldste av sønnene Knud Olsen og har fått presten Johan Storm til å bygsle garden til han da eldste broren Hans både "paa Sind og Legeme er ubeqvem". Føderåd til mora var 5 tønner korn, fôr til 1 ku og 4 sauer og "2 sættinger hampesæd i ageren". Knut Olsen 1740-1812 var gift med Ingrid Christendatter Fellese 1738-1822. Dei hadde 3 barn:

Christen f.1770, i folketellinga 1801 nemnd som "taabelig"

Marit 1771-1839, neste brukar

Imbiør 1772-1780

Marit 1771-1839 vart gift med Syver Erichsen 1769-1825 frå oppigard Kvarberg. Det var han som overtok bygselen på Sande i 1799, og folketellinga i 1801 nemner Syver som husbonde på Sande. Det var denne Sjugurd (Syver) som var med i den vidgjetne bjønnjakta i Sikkilsdalshøa i 1791, der stor-Sannes'n kraup inn i hiet. Syver og Marit hadde 4 barn:

Knut 1796-1838, neste brukar vart stanga i hel av ein ukse nord for husa på Sande.

Gunhild f.1800, g.m. Jon Knudsen Garmo (1777-1837). På Garmo nordstuen, til Fræna 1832. Gunhild gift på nytt og seinare til Amerika.

Erik 1804-1870, g.m. Ragnhild Arnesdotter Stordalen (1811-1871). På Kalbakk.

Christoffer Syversen 1808-1868, g.m. Berte Madsdotter Sunde f.1815. Hagen under Sunde.

Knut Syversen Sande var gift med Anne Jakobsdatter nigard Berge (1808-1886), dotter til Jakob Olsen Berge (1769-1858) og Eldri Pedersdr. nordgard Sandnes (1766-1824). Dei hadde 4 barn:

Sjur 1830-1896, g.m. Anne Jonsdr. Vassbakken, Sel 1841-1912. Til Sikkilsdalen 1868.
Eldrid Knutsdotter 1832-1832

Jakob Knutsen 1833-1896 ugift, budde på Sande.

Østen Knutsen 1837-1863 var gift med Mari Syversdotter Grev 1839-1899, barna Ingeborg f.1861 og Syver 1863-1931. Mari g.2.m. Ivar Vetlesæter.

Det var enkja Anne Jakobsdatter som i 1840 overtok bygselen på Sande etter svigermora Marit. Anne gifta seg opp att med Jakob Hansen nordgard Valde 1803-1883. Dei fekk 4 barn:

Knut f. 1840 ugift skreddar i 1875. På Sande til 1900, til nørdrø Kviten.

Eldri f. 1844, g.m. Kristian Andersen. Til Ringsaker 1876, seinare til Amerika.

Hans f. 1849 ugift tømmerkjører i Sikkilsdalen 1875, til Amerika 1879

Iver f. 1852 ugift skreddarlærling i Christiania i 1875. til Amerika

I 1872 kjøpte Ole Amundsen Bu Sande frå staten. Jacob Hansen som var gift med Anne Jakobsdatter som sist hadde bygsla garden la inn bod på garden i forståing med Ole Bu, slik at Ole Bu fekk skjøte. Kjøpesummen var 1600 spesiedaler forutan påkvilande jordavgift 424 Spd 6 s og føderåd verdsett til 253 Spd, tilsaman 2277 Spd 6 s. Det vart utskrivi pantobligasjon til Opplysningsvesenets fond på 1600 Spd, dette skulle betalast over 28 år med 96 Spd i året som skulle dekkje både rente og avdrag. Kausjonistar til obligasjonen var Hans Olsen og Ole O. Valde. Hans Olsen var saksføraren som kjøpte og slo i hop nigard og oppigard Viste i 1872, medan Ole Valde må vera Ole frå oppigard Viste som seinare kom til sygard Storvik. Ole var onkel til Ragnhild nigard Viste som var gift med Ole Bu.

Føderådsbrevet vart ikkje skrivi før i 1875. Jacob og Anne skulle på si levetid ha rett til å bruke eit jordstykke og ha nødvendig hestehjelp til å bruke denne jorda. Dei skulle ha røgt av to kyr og åtte sauer og adgang til fjøset om dei sjølve ville fø ei ku. I varer skulle dei ha fire tønner bygg, to voger salt, ei halv pakke bomullsgarn og eit slaktnaut. Ellers skulle dei ha nørdrø stugu til å bu i og fri brensel og dessutan bruk av eit stabbur. Etter at Jacob og Anne var daude vart det halde lausøyreauksjon i 1886.

Alt 11. juli 1874 selde Ole Bu Sande til svogeren Gudbrand Andersen Strond 1848-1890. Han var gift med Mari nigard Viste 1847-1926. I folketellinga 1875 er mor til Mari, Anne Olsdatter føderådskona på Sande. Gudbrand og Mari hadde barna

Anders 1878-1954

Anne f. 1882.

Bror til Gudbrand, Nils Andersen 1836-1913 overtok nordpå Strond i 1868. Han var gift med Eldrid sygard Valde 1841-1911. Etter at den eldre systera hennar Kari og hennar mann Ole Viste overtok Storvik etter hennar onkel, vart det Nils og Eldrid som vart brukarar på Valde. Dermed bytte Nils og Gudbrand gardar slik at Gudbrand fekk heimgarden Strond og Nils fekk Sande som ligg inntil Valde. Skjøte til Gudbrand på Strond er frå 1880, og byttet kan ha skjedd da.

I 1889 måtte Nils Valde selja Sande til svogeren Ola Storvik. Gudbrand Strond og Ole Bu har gjeve samtykke i skjøte da det var dei som hadde hjemmelen, ved tidlegare overdraging hadde det såleis ikkje vore tinglese skjøte. Prisen var 9000 kroner og dette vart delvis finansiert ved

lån for Ola Storvik har i 1889 utstedt ein obligasjon til Vaage Sparebank på 6500 kroner med pant i Sande og Lego.

Det var sonen til Nils Valde, Ivar som vart gardbrukar på Sande i 1895. Han leigde bort garden til bror sin Ola i tida 1900-1910 da han sjølv leigde Tessa (mølle, sagbruk m.m.) frå Ola Storvik. Skjøte til Ivar Sande på Sande og Lego er utstedt i 1908 frå Ola Storvik med kjøpesum 9000 kroner, det same som Ola Storvik overtok garden for.

Ola Nilsen Valde 1874-1931 som leigde Sande 1900-1910 var gift med Marit Iversdtr. Lillesæter 1879-1968 (dotter til Mari som var gift fyrste gongen med Østen Sande). Dei hadde barna

Nils 1903-1984, på s. Valde

Ivar 1909-1985

Erling f. 1917, på u. Viste.

Ivar Nilssen Sande 1865-1953 vart gift med Mari Steinarsdotter megarde Storvik 1869-1944, dotter til Steinar Johannessen Sveine 1812-1879 og Anne Jørgensdtr. Sveine 1835-1911.

Døtrene var

Eldrid Sande 1895-1997, neste brukar

Anne Sande 1898-1972, g.m. tyskaren Albin Müller 1893-1940, sonen Helge f.1925.

Eldrid Sande vart gift med Tor sygard Raastad 1888-1976, son til Hans Raastad 1850-1925 og Mari sygard Kleppe 1855-1936. Dei overtok drifta på Sande i 1922, barna var

Marit 1918-1945,

Ingid 1920-1974,

Margit f. 1923, g.m. Knut Pålsen Laingen, Lom 1921-1985, dei budde på Sande til 1951, 4 barn: Kari-Eva f.1946, Torbjørn 1947-1986, Reidun 1947-1996 og Marit f.1950.

Hans f. 1926, neste brukar.

Hans vart 1955 gift med Reidun Snerle, sør-Stade 1933-2006, dotter til Pål Snerle 1906-1988 og Kari Dahl, Klomstad i Kvam 1908-1997. Dei vart neste brukarane på Sande, barna er

Tor-Pål 1955-1988,

Knut f. 1957,

Erling f. 1959, neste brukar

Ragnhild f.1961,

Margit f.1964

Solveig f. 1964.

Erling er brukar frå 1997. Han er gift med Jorunn Hanslin f.1962, dei har hus på utskild tomt. Erling og Jorunn har 3 barn:

Anders f.1989

Gaute f.1989

Eline f.1993

I 1668 vart det på Sande fødd 26 fe, det var 4 hestar og det vart sådd 9 1/2 tønner.

I 1865 var det på Sande 5 hestar, 16 stort kveg, 28 sauer, 8 geit og 2 svin medan dei sådde 6 tønner bygg, 1 tønne blandingskorn, 4 tønner poteter og 2 skjepper rug (1 tønn = ca. 140 liter). I 1875 var det 4 hestar, 1 ukse, 8 kyr, 2 ungnaut, 30 sauer og lam, 14 geit og 2 grisar fordelt på eigaren og føderådsmannen, det vart sådd 5 tønner bygg, 6 tønner poteter og 6

skjepper rug. Matrikkelutkast denne tida nemner at det vart sådd 8 tønner korn og tønner poteter med avling 70 tønner korn og 30 tønner poteter. Ellers er det nemnd at det vart brukt 80 lass mose i året.

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg: Slekt i Vågå og Lom, 2000

Oluf Rygh: Norske Gaardnavne / Diplomatarium Norvegicum.

Ivar Teigum: Bygdebok for Vågå og Sel, band 1

Kyrkjebok for Vågå

Pantregister, tingbøker for Nord-Gudbrandsdal

Nordalsarkivet i Vågå: Utskrifter frå pantebøker, skifte, matrikkel m.m.

Munnleg overlevering på Sande

Folketeljing 1801, 1865, 1875, 1900

Koppskatten 1645, matrikkel 1647, manntal 1666, matrikkel 1668, skoskatten 1711

Jakup Skjedsvoll: avskrifter av jordebøker m.m.